

**LINDÅS KOMMUNE**  
**KVERNHUSMYRANE 20**  
**5914 ISDALSTØ**

**Os, den 07.10.2014**



**AUSTRHEIM- OG LINDÅS KOMMUNE**  
**DETALJREGULERING FOR JOHAN SVERDRUP OLJERØYRLEIDNING FRÅ**  
**BERGSEVIKHAMN TIL MONGSTAD**  
**UTVIDING AV PLANOMRÅDET**

Det vert vist til tidlegare kunngjering av offentleg ettersyn av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid. Dette var kunngjort med brev til grunneigarar og offentlege etatar 16.09.2014 og annonsert i avis Strilen 18.09.2014. Med bakgrunn i at det vert vurdert å føre planlagd oljerøyrleidning i borehol under Litlåsen er det behov for å utvide planområdet. Varsel om utviding av planområdet vert med dette kunngjort for råka grunneigarar og offentlege etatar.

**OPPSTART AV PLANARBEID OG HØYRING AV FORSLAG TIL PLANPROGRAM**

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-8 blir det varsle oppstart av detaljregulering for oljerøyrtrase frå Bergsvikhamna til Mongstad.

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-9 vert forslag til planprogram for konsekvensutgreiing lagt ut til offentleg ettersyn.

Austrheim kommunestyre gjorde 20.08.2014 i sak 095/14 vedtak på vilkår om å legge planprogram for detaljreguleringsplan Ojerøyrleidning frå Bergsvikhamn til Mongstad ut til offentleg ettersyn. Vilkåret er at offentlege vassleidning gjennom oljerøytunnelen til Johan Sverdrup i Austrheim kommune må utgjæst og vurderast i planprogrammet. Kommunestyret gjorde samstundes vedtak om oppstart av planarbeidet.

Lindås kommune gjorde administrativt vedtak 04.09.2014 som delegert sak 14/5428-14/20047 vedtak om at planprogrammet for detaljreguleringsplan Ojerøyrleidning frå Bergsvikhamn – Mongstad vert lagt ut til offentleg ettersyn på vilkår. Vilkåra er at plangrensa vert utvida til også og omfatte næringsområde N-3 i kommunedelplan for Lindåsneset-Mongstad. Det skal også takast inn punkt i planprogrammet som omhandlar tilhøvet til massehandtering innanfor planområdet og tilhøvet til kommunedelplan for massehandtering for Mongstad som er under oppstart.

**Om planarbeidet**

Føremålet med planarbeidet er å regulere delen av oljerøyrtraseen frå Johan Sverdrup feltet til Mongstad som går over land. Dette gjeld strekninga Bergsvikhamn i Austrheim kommune til Mongstad i Lindås kommune. Planprogrammet vil legge rammene for plan- og konsekvensutgreiinga som skal utførast i samband med detaljreguleringa.

Feltet Johan Sverdrup ligg ca 270 km frå landtaket i Bergsvikhamn. Det skal leggast eit oljerøyr frå feltet fram til Mongstad. Oljerøyrleidningen er om lag 280 km lang, 270 km ligg i sjø. På land mellom Bergsvikhamn og Mongstad er det planlagd ca 5 km av traseen i grøft og ca 5 km i tunnel. Det er i innleieande fase av planarbeidet utarbeidd to alternative trasear for oljerøyrleidningen. Ein vil tidleg i planarbeidet fastelegge trasè samt konkretisere arealbruk og legge føringer for bruk av området.

Tiltakshavar for planarbeidet er Statoil Petroleum AS. Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS og Multiconsult AS

**Telefon**  
 +47 56 57 00 70

**Fax**  
 +47 56 57 00 71

**E-postadresse**  
 post@abo-ark.no

**Webadresse**  
 www.abo-ark.no

**Postadresse**  
 Postboks 291, 5203 Os

**Besøksadresse**  
 Hamnevegen 53, 5200 Os

## **Planområdet**

Planområdet er totalt ca 5 720 daa. Ein vil ved varsel om oppstart av planarbeidet ta med eit større område enn naudsynt. Dette for å sikre tilstrekkeleg areal for midlertidig anleggsområde, anleggsvegar, massedeponi, vurdering av dei alternative traséane og tilstrekkeleg sikringssoner rundt oljerøyret m.m. Planområdet vil bli redusert i løpet av planprosessen til kun og omfatte naudsynt areal.

## **Konsekvensutgreiing**

Planarbeidet er vurdert å utløyse krav om konsekvensutgreiing jf. Plan- og bygningslova §4-1. Vidare skal planomtalet gje ei særskilt vurdering – konsekvensutgreiing – av planen sine verknader for miljø og samfunn jf. Plan- og bygningslova § 4-2.

Formålet med ei konsekvensutgreiing er å få klarlagt verknaden av tiltak som kan ha vesentlege verknader for miljø, naturressursar og samfunn for reguleringsplanen.

Konsekvensutgreiinga vil bli gjennomført med grunnlag i vedteke planprogram etter føresegne i plan- og bygningslova.

## **Planprosess**

Forslag til planprogram blir sendt på høyring, samtidig med varsel om oppstart av planarbeidet.

Høyringsfristen vert sett til 6 veker. Etter at frist for merknader er gått ut, vil ein i samråd med Austrheim- og Lindås kommune vurdere endringar i planprogrammet med bakgrunn i innkomne merknader. Endeleg planprogram skal fastsettast av Austrheim- og Lindås kommune.

Etter at planprogrammet er fastsett, vil ein starte utarbeiding av reguleringsplanen med tilhøyrande konsekvensutgreiing. Etter at reguleringsplanen med konsekvensutgreiing er ferdig utarbeidd vil planforslaget bli 1. gongs handsama i Austrheim- og Lindås kommune. Planforslaget vil så bli lagt ut til offentleg ettersyn jf. § 12-10 i plan- og bygningslova i 6 veker. Det vil da vere mogleg å kome med innspel og merknader til det utarbeidde planforslaget. Etter at perioden med offentleg ettersyn er avslutta vil ein gjennomgang av innkomne innspel og merknader bli vurdert og eventuelle endringar i planforslaget vil bli gjennomført før 2. gongs handsaming i Austrheim- og Lindås kommune.

## **Informasjonsmøte**

I samband med offentleg ettersyn av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeid, vert det invitert til informasjonsmøte for nærmere informasjon om planarbeidet.

Møtet vil bli arrangert i **Austrheim samfunnshus** på **Årås 21.10.2014 kl. 19:00**

## **Frist for innspel og merknader**

Frist for innspel og merknader til offentleg ettersyn av forslag til planprogram og varsel om oppstart av planarbeidet vert sett til **31.10.2014**. Det er viktig at ein ved innspel og merknader skil mellom merknader til planprogrammet og merknader til varsel om oppstart av planarbeidet. Innspel og merknader skal framsettast skriftleg og sendast til:

**ABO Plan & Arkitektur AS**

**Postboks 291**

**5203 Os**

eller

e-post: [offentleg.ettersyn@abo-ark.no](mailto:offentleg.ettersyn@abo-ark.no)

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av uttalar til Austrheim- og Lindås kommune. Dette vil ABO Plan & Arkitektur AS ivareta i samband med innsending av planforslaget.

For nærmere informasjon og spørsmål kan dette rettast til:

**ABO Plan & Arkitektur AS**

v/ Arne Kristian Kolstad

e-post: [arne@abo-ark.no](mailto:arne@abo-ark.no)

tlf: 56570070

mobil: 95721101

eller

Multiconsult AS

v/ Bent Stensaker

e-post: [bent.stensaker@multiconsult.no](mailto:bent.stensaker@multiconsult.no)

tlf: 98239876

På heimesida: [www.abo-ark.no](http://www.abo-ark.no) – under Nabovarsler – Reguleringsplaner/Høringer er det tilgang til digitale kartutsnitt, forslag til planprogram og utlysingsteksten. Dokument ligg også for gjennomsyn på følgjande stader:

**Austrheim kommune**

Servicetorget

Sætremarka 2

5943 Austrheim

[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)

**Lindås kommune**

Rådhuset


Kvernhusmyrane 20

5914 Isdalstø

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)

Med helsing

**ABO Plan & Arkitektur AS**

  
Arne Kristian Kolstad

Vedlegg:

1. Kart over planområdet